

NAUSTDAL KOMMUNE
RÅDMANNEN

Miljøverndepartementet
pb. 8013 Dep.

0030 OSLO

Sakshandsamar: Annlaug Kjelstad dir tlf: 578 16123
Vår ref. AHK/09/490-3/K1-113 Dykkar ref:

Dato: 03.09.2009


**UTTALE TIL HØYRING AV FORSKRIFT FOR DIFFERENSIERT
FORVALTNING AV STRANDSONE LANGS SJØEN - FØREBELS
UTTALE**

Med dette brevet følger saksutgreiing med tilråding til vedtak om uttale i høyrings-saka.

Etter avtale med Marit Tofte hjå dykk, sender vi eit førebels uttale i form av tilrådinga no før fristen for høyringa som er sett til i morgon, 4. september.

Vedtak i saka, og då Naustdal kommune sin endelege uttale, vil verte ettersendt så snart dette er protokollert. Vedtak i saka vert gjort i dag. Vi har fått stadfesta av M. Tofte at uttalen med endeleg vedtak vert tekne med i dykkar handsaming, når vi sender tilrådinga før fristen for uttale.

Med helsing


Annlaug Kjelstad
Rådgevar plan og næring

Vedlegg: sakutgreiing 026/09 i Fast utval for plansaker

NAUSTDAL KOMMUNE

SAKSUTGREIING

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.
UTVAL FOR PLANSAKER

Møtedato
03.09.2009

Saksnr
026/09

Sakshands.
AHK

| | | |
|------------------------------------|--|-----------------------------|
| Saksansv.: Annlaug Kjelstad | Arkiv: K1-113 Objekt: | Arkivsaknr 09/490 |
| | Avgjerd av: | |

UTTALE TIL HØYRING AV FORSKRIFT FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONE LANGS SJØEN

Vedlegg:

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|------------------------|--|
| 1 | I | 02.07.2009 | MILJØVERNDEPARTEMENTET | HØYRING - FORSLAG TIL STATLEG PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV AV STRANDSONE LANGS SJØEN |

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Plan og bygningslov (plandelen) av 27. juni 2008 nr 71

Saksopplysningar:

I ny plan- og bygningslov (nyPBL) er det fastsett nye reglar om strandsona. NyPBL er i kraft frå 1. juli 2009, men ulike forskrifter og retningslinjer til lova er under utarbeiding og kjem på høyring, slik som desse statlege planretningslinjene. Statlege planretningslinjer erstattar det som tidlegare var Rikspolitiske retningslinjer.

I nyPBL er byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjøen og reglane om dispensasjon i hovudtrekk stramma inn. Samstundes er det lagt opp til ei differensiering, slik at retningslinjene skal vere mindre strenge i våre område enn t.d. langs Oslofjorden.

Vurdering:

Rådmannen har vurdert det som rett at kommunen uttaler seg i denne saka, då mykje av den aktive arealbruken, både tradisjonelle næringar og bustad-, nærings- og fritidsbygning i kommunen ligg i eller nær 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag. Det er vidare grunn til å forvente at dei sjønære områda vil vere sentrale for framtidig utvikling.

Retningslinene gjeld ikkje forholda langs vassdrag. Reglane for 100-metersbeltet langs vassdrag går fram av § 1-8. Rådmannen forstår det slik at intensjonen generelt er ei innstramming. Kommunen må sjølv gjere avvegningar mellom å tillate utbygging i større eller mindre grad og å verne strandsona i områder. Det vert stilt større krav til bestemmelser og retningsliner i kommuneplanen m.m. Rådmannen vil komme tilbake til retningsliner og bestemmelser i revisjonen av kommuneplanen.

TILRÅDING:

Naustdal kommune sender følgjande uttale til høyring av forslag til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen:

Naustdal kommune gjev si tilslutning til reglar som skal forhindre uheldig bygging i 100-metersbeltet langs sjøen og omfattande nedbygging og privatisering av strandsona som går på bekostning av allmenne interesser.

Mange stader, også i vår kommune, ligg allereie det meste av infrastruktur og bygg innanfor 100-metersbeltet. Retningslinjene bør poengtere tydelegare at eit av formåla med byggeforbodet er vern av det heilt sjønære som rekreasjonsområde for ålmenta, og å hindre utbygging som dominerer eller forringar opplevinga av landskapet. Samstundes som vi gir vår tilslutning til eit godt rammeverk, er det eit krav frå kommunen at det vert lagt til rette for noko større fleksibilitet og meir lokalt sjølvstyre i dei områda der utbyggingspresset er svært lite. Det kan i enkelte tilfeller vere avgjerande for busetnad og berekraftig bygde- og næringsutvikling at bygning i strandsona vert tillete, men innanfor gitte rammer.

Vi har følgjande kommentarar til pkt. 5 i framlegg til retningslinene:

Naustdal kommune vurderer at fellestiltak i strandsona for 2 eller helst fleire eigedommar/bruksrettshavarar bør ha eit fortrinn i forvaltninga og då og i retningslinjene. Dette ut frå at fellestiltak bør medføre mindre nedbygging enn enkelttiltak i strandsona. Planar og eventuelt dispensasjonssøknader som både opnar for noko bygning langs sjøen og legg til rette for ålmenn tilgjenge til strandsona, bør også vurderast annleis enn planar/søknader med reine utbyggingsformål og tydeleg privatisering av strandsona.

Vi vil også peike på at retningslinene også bør omtale krav til plankvalitet og estetisk kvalitet for tiltak som måtte bli oppført i strandsona. Det kan vere eit insitament til å utvikle planar som byggjer på analyse av bygde og naturgjevne omgjevnader, og som legg vekt på estetisk kvalitet i det som blir bygt. Vi ser det elles som svært viktig at kommunane sjølv vurderer behovet for utbygging eller vern i 100-meterbeltet i eit langsiktig og heilskapleg perspektiv i kommuneplanen. Kommunen ynskjer at det vert gjeve rom for utvikling av pilotprosjekt med tett og kompakt busetnad organisert i landsbystruktur nær sjø. Det er viktig å oppretthalde og utvikle vidare tilgang og allmenningar frå fjord til fjell og legge til rette for allmenn ferdsel langs sjøen i slike byggeområder. Kommunen må heimle arealbruken i arealdelen av kommuneplanen, der ein kan legge vekt på både heilskap og kvalitet i planen og ei kommunal tilrettelegging av områda aller nærast sjøen. Vi ynskjer også i framtida å kunne tilby gode buplassar nær fjorden for innbyggjarane våre, men på andre sida ynskjer vi ikkje å planlegge for at enkeltutbyggjarar får høve til å privatisere strandsona. Det vil vere avgjerande viktig for tettstadsutviklinga at kommunane kan legge til grunn at der det er bygd frå før, kan ein planlegge for ytterlegare utbygging og at vi kan utvikle nye områder som del av tettstadsutviklinga.